

A photograph of a sheep market. In the foreground, several rows of sheep are held in wooden pens. The sheep are mostly white with thick wool, and some have purple ear tags. In the background, a crowd of people, including men, women, and children, are gathered around the pens. A yellow car is visible on a road in the upper left. The scene is outdoors, likely on a hillside.

# 30 gonger med Bjerkreimsmarken



# Utstilling av sau i 70 år



I 2016 er det 30. gong Bjerkreimsmarken blir arrangert. Leiinga i marken vil i den samanheng samle historia om dette spesielle årlege arrangementet.

Karl Brådli, som i mange år har vore sentral i planlegging og gjennomføring, blei spurt om han ville ta ansvar for historiarbeidet. Han fekk med seg Arne Geir Larsen, tidlegare banksjef i Bjerkreim, aktiv med i markenskomiteen i fleire år, og Bjørn Hille, tidlegare redaktør av Bjerkreim Bygdablad og kultursjef i Bjerkreim i 24 år. Desse tre har utgjort redaksjonskomiteen. Men, det var ikkje med Bjerkreimsmarken historia om saueutstilling i bygda starta.

I september 1945, rett etter at andre verdskrigen var over, inviterte ein del entusiastar til saueutstillinga på «Hompen» på Vikeså. Redaksjonskomiteen meiner at det er rett å ta med litt av historia til dette arrangementet, som var fast i 40 år, og som var forlauparen til «Marken». Med andre ord bygda har hatt saueutstillingar i 70 år.

Stoffet som her er samla er henta frå fleire kjelder. Bjerkreim Bygdablad (1978- 1994), har teke vare på mykje historisk stoff.

Fleire av artiklane i bladet er dessverre ikkje signerte. Bygdabladredaksjonen kjende dei som skreiv, men forfattaren blei ikkje notert for ettertida. Mykje av teksten til saueutstillinga på Hompen er henta frå Bygdablad.

Dalane Tidende har omtalt saueutstillinga og Bjerkreimsmarken heilt frå fyrste stund. Vi har fått lov til å sitte i Egersund og bla gjennom DT som omtalar marken. Stavanger Aftenblad har lagt ut heile sitt arkiv på nettet. Over 140 «treff» omtalar

Bjerkreimsmarken. Frå media har vi henta omtale og overskrifter.

Sjølvsagt har møtereferat frå arrangementskomiteane vore viktig stoffkjelde.

I oktober nr. av Bjerkreimsnytt, 2015, etterlyste vi private bilete frå Bjerkreimsmarken, men fekk svært liten respons.

Mange av bileta som er brukt i dette heftet er henta frå Bjerkreim Bygdablad sitt arkiv. Desse bileta er samla i Statsarkivet i Stavanger. Per Spødervold fekk dei ut til 25 års jubileet. Frå Karl Brådli og Bjørn Hille sine private biletarkiv er det og henta bidrag til heftet. Bilete frå VM i saueklypping er henta frå nettsidene og «Marken» sitt arkiv. Siv Grethe Bøhn-Pettersen, Illustratør og avistegner i Dalane Tidene, har gitt oss tilgang til sine orginalteikningar knytt til VM og Bjerkreimsmarken.

Opp gjennom åra er det mange enkeltpersonar som har gjort ein stor innsats for Bjerkreimsmarken. Det er ikkje enkelt å nemne alle desse ved namn. Du som har gjort din innsats kan klappe deg sjølv på brystet og seie: «Eg var med!». Du vil og få sjanse til å gi ditt bidrag til Bjerkreimsmarken, til trivsel og samhald i bygda i nye 30 år.

*Karl Brådli*

*Anne Geir Larsen*

*Bjørn Hille*

# Utstilling på "Hompen" i 40 år



*Dette bilete er frå saueutstillinga på Hompen i 1948.*

**I over 40 år var saueutstillinga i Bjerkreim, på «Hompen», eit årvisst tiltak som samla mykje folk .**

Saueutstillinga på «Hompen» kom for alvor i gang etter krigen. Ein av initiativtakarane i Bjerkreim var Arne Gjedrem. Føremålet med tiltaket var å få fram dyr som bøndene skulle satse på for å få betre avdrått av buskapen sin. Å premiere dei mest lovande dyra, ville inspirere eigarane til å satse på desse dyra og deira avkom. Ei slik satsing ville gi fleire skillingar i pengepungen ved sal, og det kunne kome godt med. Slik utveljing av dyr,

førte etter kvart til lam med større slaktevekt, og dei utnytta foret betre. Dette såg bøndene nytte av, og sauesjået blei populært. Før utstillinga på Vikeså kom i gang hadde bjerkreimsbuen reist til andre kommunar for å sjå og handle livdyr, spesielt til Helleland. I Bjerkreim var sauen ein viktig del av gardsdrifta. Det var naturleg at bygda hadde si eiga saueutstilling. Utstillinga blei snart den mest populære i regionen og varte i fleire dagar. Det kom bønder langvegs frå for å selje og kjøpe livdyr. Både verer og avlsdyr (sauer) blei stilt ut. Det var fine premiar til dei beste.



*Tre velstelte karar på saueutstilling . Frå venstre Fanuel Carlsen, Kristian Vaule, Ludvig Vikesdal, Ola Bue . (1962)*



*"Ser bra ut desse her", seier Karl Skjæveland (1960)*

Til dømes fekk eigaren av den finaste veren, 6 sylvskeier. Det vart tevla i ulike klassar: Dala, Ryggja, Spel og Lyngfår.

I Dalane Tidene, 29. september 1945, finn vi denne omtalen:

### **Sauesjået i Bjerkreim.**

*Fint ver og mykje folk.*

*Tyngste veren vog 143 kg.*

*Frå Vikeså melder H. Aa om utstillinga i Bjerkreim at det var fint ver og mykje folk, også frå Jæren og Helleland. Sjået ligg på ein turr bakke og det er ein meir enn flott utstilling. Gardane er av høvla bord med lukkegrindar for kvar garde, så dei ventar nok å få fleire utstillingar i framtida.*

*Domarar var Sæland, Landmark, Jesper Ravndal, Mossige og Gjedrem. Det er om lag like mykje Rygja og Dala. Litt meir av siste slaget. Gamal norsk er det også mykje av og litt svartffjes. Døminga tok til kl. 9.30 og det tykjers vera mange gode dyr. Eldre Rygjaverer er mykje gode. Tyngste veren på sjået var ein Dalaver som er komen frå Åseral og som vog 143 kg., 2 kg meir enn den tyngste veren i Gjesdal. (NB H.Aa er Hans Aanestad.)*



*Bilete frå 1967. Ivar Fuglestad i samtale med Viktor Nedrebø.*

Det vart mange fleire utstillingar. Sjået på Hompen på Vikeså utvikla seg etter kvart til reine folkefesten. Heile bygda tok seg fri, endå til skuleruta blei lagt opp etter når arrangementet gikk av stabelen. Skulen hadde fridag på «utstillinga». Mange prøvde å tene nokre kroner på folk som kom på besøk. Mat var sjølvsagt viktig. Bussjåfør Knut Vassbø såg sitt snitt til ein ekstra slant her. Han laga ei stor gryte med lapskaus heime i «Subagadå». Frakta den til Hompen og sat i bakluka på bussen og selte porsjonar i papptallerknar. Børge Ødegård selde pølser med heimelaga ketsjup. Ja, det seies at det kom folk frå Egersund og selde mat på Hompen.



*Bilete frå Hompen 1962*



*Bilete frå Hompen 1967. Mønstring av verer i framkant av bilete.*

Etter nokre år (1952) blei det bygt eit hus på Hompen. Det fekk namnet «det vesle kommunehuset». Her starta bondevinnelaget å selje middag. På menyen stod det kjøtkaker og sviskegraut eller plommegraut på gode plommeår. Anna Sjøveland var hovudkokka. Bondevinnene måtte ta med seg alt utstyr dei trong heimafrå. Gryter, skåler og bestikk. Vatn fekk dei frå meieriet og i frå bekken.

I tillegg til saueutstillinga vart her reine markensstemninga, med handel av både nytte- og morosaker. Utstillingsplassen på Hompen samla folk i alle aldra. Gamle sauefolk som ville prata med likesinna, folk som hadde bite på tanken om ei forbetring av avlsdyr og nå ville ha tak i premiedyr. Elles var det ungar og vaksne som ville vere med på moroa rundt arrangementet. Her var lått og løye, pruting og småkrangling. Ein og annan sovna

kanskje av etter for mange kjøpeskålar. Men, uansett korleis sjået utarta, målet med tiltaket var nådd; besetningane rundt om på gardane vart bygd opp av betre dyr, og bonden kunne leggja meir pengar på kistebotnen. Kvalitetsvurderinga den fyrste tida vart føreteken ut frå ei saumfaring av det ytre hjå dyra: Ullkvalitet, storleik, bygning, vekt o.s.v.

Sauebønder frå heile fylket møtte opp på



*Bilete frå Hompen 1962.*



*Bilete frå Hompen 1975.*

denne utstillinga for å sikre seg kvalitetssau frå Bjerkreim. I 1961 starta bønder i Bjerkreim den fyrste «veraringen» i landet. Det var Trygve Gjedrem, bror til Arne Gjedrem, som oppmoda til å starte veraring. Trygve var forskar på landbrukshøgskulen på Ås med avl av sau som hovudfokus. Han såg at «kvaliteten» på verer var viktig for å få gode lam. Bjerkreimsbøndene tok oppmodinga på alvor og sikra seg gode verer som blei frakta rundt om til sauebestningar i bygda. Joakim Risnes var den fyrste som kjørte verer rundt om på gardane.

### **Kvifor namnet «Hompen»!**

*Opphavet til namnet HOMPEN fortalte Inge Espeland på Gjedrem (1914-1999) (han hadde ein utruleg husk !) at då dei starta med saueutstilling i 1945 tykte dåverande redaktør i Bondevennen Hans Aanestad at det var dumt*

*dei starta ei saueutstilling i Bjerkreim for det ville bare konkurrere ut dei etablerte utstillingane i Gjesdal og Helleland. Difor skreiv han eit ufordelaktig stykke i Bondevennen om saueutstillinga på "den vesle forblåste Hompen" på Vikeså. Sidan vart området heitande HOMPEN. Etter kvart blei betydninga av denne mønstringa mindre. Sauen fekk kvalitetstempel ut frå indeks og stamtavle.*




*Bilete frå Hompen 1984. Mønstring av verer.*



*Bilete frå Hompen 1984.*

Interessa for saueutstillinga dabba av og det måtte tenkjast nytt. Dei nye tankane blei Bjerkreimsmarken.



*"Skal me på utstilling?"*



*Bondekvinnelaget serverte kjøttkaker og sviskegraut på saueutstillinga på Hompen. Anna Skjæveland var hovudkokka.*

# 30 gonger Bjerkreimsmarken.



*Bjerkreimsmarken 1987.*

**D**en tradisjonelle saueutstillinga på «Hompen» blei avvikla. Det var blitt mindre og mindre interesse for å stilla ut sau. Sauen si utsjånad hadde liten betydning for avlseigenskapane. Dermed fekk bøndene mindre interesse i å stilla ut.

Dette står i Bjerkreim Bygdablad i september 1985. – *I år vart utstillinga døypt til «kåringdag».* No var det lamma som kom i fokus. *Sjølv om det var mange fine lam på kåringa var det stor otte for at «sauedagen» i Bjerkreim skulle døy ut, og det blei frå fagleg hald invitert til å tenkje nytt. Kven torer å ta opp «hansken».* -

I 1986 blei kåringa flytta frå «Hompen» til parkeringsplassen ved Samfunnshuset. I dette området blei Bjerkreimsmarken «født». Dette var eit tema som engasjerte mange. I det kommunale arkiv finn me at tiltaksnemnda i kommunen drøfta, i møte 19. juni 1986, spørsmålet om eit tidsmessig opplegg for den årlege saueutstillinga. Ein kunne tenkje seg at ein knytte visse arrangement av ulik art til hendinga og satse på til dømes utstilling kor det lokale

næringslivet blei trekt inn. I brev til kulturstyret, sau og geiteavlslaget, Bonde laget , Bonde –og småbrukarlaget seier tiltaksnemnda at kommunen kan vere med i ei prosjektgruppe som kan arbeide vidare med tankane om «sauens dag/ Bjerkreimsdagen/-veka».





Bondelaget svarte kommunen og var positiv til ideen og foreslo å opprette ei arbeidsgruppe og invitere lag og foreningar som kunne tenke seg å vere med.

17. mars 1987 var det i kommunestyresalen samla 14 personer, som representerte lag og foreningar og politiske utval.

Ordførar Olaf Gjedrem orienterte om tankane som var drøfta i tiltaksnemnda. Det var stor

#### Fylgjande møte:

Tor Sverre Fuglestad	(Samfunnshuset),
Wenche Vikeså	(Skyttarlaget),
John Levang	(Idrettslaget),
Håvard Veen	(Småbrukarlaget),
Guri Lien	(Brukskunstforeninga),
Ingfrid Austdal	(Bondekvinnelaget),
Tor Gaute Eikeland	(Bygdeungdomslaget),
Andreas Tengesdal	(Kulturstyret),
Ståle Eikeland	(Sau- og geiteavlslaget),
Edvard Rafn	(Dommarane),
Peder Eikeland	(Tiltaksnemnda),
Magnor Erlend Oma	(Tiltaksnemnda),
Olaf Gjedrem	(Tiltaksnemnda),
Dag Egaas	(Sekretær).

semje mellom dei frammmøtte om å prøve å få til eit større arrangement med sauene i sentrum. Arrangementet måtte leggest i området kring Samfunnshuset og «Motorland». Skulen måtte og inviterast som aktiv deltakar. For å få breiast mogeleg eigarskap til arrangementet måtte handel, handverk/industri, presse og fleire frivillige lag bli med som arrangørar. *Dei frammmøtte ville ha ei brei mønstring som kunne samle publikum med ulike interesser.*

Det som skulle vere eit drøftingsmøte blei eit effektivt planleggingsmøte. Det blei bestemt at arrangementet skulle gå over 3 dagar frå 1. til 3. oktober. Undergrupper blei utnemnt: Arrangementgruppe, økonomigruppe, PR gruppe, matgruppe, messegruppe og ordensgruppe. Det vart til og med vedteke at det økonomiske overskotet skulle gå til Samfunnshuset. Her var det ikkje snakk om anna enn overskot.

Alt i april same år var gruppene i fullt arbeid. Her skulle satsast så det synta att. Her skulle

Annonsen som bli blei laga til fyrste "Marken" i 1987

bygdefest, ikkje berre for Bjerkreimsbuen, men heile regionen skulle inviterast.



I mai kunne det fyrste omfattande program leggest fram. Bjerkreimsven og fylkesordførar Lars Vaage, skulle opna «Marken».

Septemhernummeret av Bjerkreim Bygdablad blei trykt opp i 10.000 eksemplar og sendt til alle husstandar i Bjerkreim, Lund, Sokndal, Egersund og Gjesdal. Ordførar Olaf Gjedrem fekk redaktørplassen og ønskte alle velkommen til Bjerkreimsmarken torsdag, fredag og laurdag.



Alt i april same år var gruppene i fullt arbeid. Her skulle satsast så det synta att. Her skulle

Bjerkreim Bygdablad blei trykt i 10.000 eksemplar og sendt til grannekommunane.

## Bjerkreims-marken 1. 2. 3. oktober

Faksimile frå Bjerkreim Bygdablad september 1987



*Olaf Gjedrem er «Markeds-general»*

### Velkommen til Bjerkreims-marken

Med spenning og forventning ser me fram til Bjerkreims-marken 1987.

Mange gode krefter har vore villige til å løfta i flokk, for å skapa eit spesielt arrangement som kunne ha apell til breie folkegrupper.

Alle faglege organisasjonar, offentlege utval som skulestyre og kulturstyre, frivillige ungdomsorganisasjonar og representantar for fylkesomspennande organisasjonar har i fellekap planlagt dei mange arrangementa.

Me har den beste tru at dette skal verta ei årvis mønstring som mange vil

sjå fram i mot med både interesse og glede.

I vår tid er det spesielt viktig å ha kontakt med historia. Me vil prøva å ta med gamle og nye tradisjonar. Desse bør leva vidare og presentera Bjerkreim som den pulserande og aktive bygda den er med sin mange røter i fortida.

Utgangspunktet med programmet var landbruksretta. Resultatet vil verta eit program der dei fleste av oss vil finna interessante tilbod.

Enten det er messebesøk, saue eller lamme kjøp, kulturkveld, aktuelle fagmøter, konkurransar, treffa folk, læra gamle matsikkar eller besøka brukskunstutstillinga, så er Bjerkreims-marken plassen.

Me reknar med at fleire tusen vil besøka marknaden og messa. Dette skulle vera eit tilbod spesielt for sørfylket.

Gjennom fleire av avisane i sørfylket vil det verta orientert om Bjerkreims-marken slik at mange skulle verta kjent med tilboda. Takk til alle som har delteke i førebuingar av arrangementa, takk til utstillarane som vil utgjera messa og takk til Motorland, Bjerkreim Samfunnshus og Bjerkreim kommune som alle har synt ein positiv holdning til å leiga oss lokaler og utareal.

Så til slutt: Velkommen til alle.

**Olaf Gjedrem**  
for arrangementkomiteen

### Suksess frå fyrste stund.

Den fyrste «Bjerkreimsmarken» blei ein suksess frå fyrste stund. «Tre festdagar i oktober. Dette må me gjere meir» skreiv Bygdablad. «Bjerkreimsmarken kommet for å bli» Skreiv Dalane Tidende. «Bjerkreimsmarken ble avviklet med stor suksess». Bygdefolket sluttet opp om årets marken på lik linje med feiring av 17. mai. Kommenterte Stavanger Aftenblad. Over 5000 personar var innom markensområdet dei tre dagane. Dette var litt mindre enn

*Lars Våge opna den fyrste "Marken" i 1987*





*Pressa var med frå fyrste stund. Her er det NRK -lokalen som filmar.*

arrangøren hadde håpa på. Det vil alltid ta litt tid å innarbeide slike nye tiltak for eit stor publikum. Fagmøta fekk tilfredstillande deltaking. Kulturarrangementa ga godt overskot. I evalueringmøtet etter «Marken» blei det påpeika kva som gjekk godt og kva som måtte rettast på. Konklusjonen blei at dette måtte prøvast endå ein gong.

Skeptikarane meinte at Bjerkreimsbuen kasta

seg ut på djupt vatn då dei tok på seg eit slikt omfattande arrangement. Over **150 frivillige** var i aksjon for å få alle detaljar til å fungere.

### **Kva fekk folk oppleve?**

Sauetstilling var sjølvstund med. Her var ope meisterskap i saueklypping. I den tida hadde Bjerkreim gjetarhundar som i tevlingar hevda seg blant dei beste i landet. Vi fekk sjå kva dei kunne utføre. Tradisjonsarbeid som karding, spinning og toving var med, og sjølvstund demonstrerte lokale kokkar matrettar med sau som ingrediens.



*Sauen skule vere fokus på "Marken". Premiering av flotte verer er ein viktig del av dette.*

**Utstilling.** På den fyrste «Marken» var det 25 utstillarar inne i hallen. (Det som i dag er Bjerkreim idrettshall. Den gongen var namnet «Motorland», etter Svein Landsnes som hadde bilauksjonar i det som opprinnelege var ein industrihall.) Eit mangfald av firma innan landbruk, detaljhandel, bank, forsikring, møbler, bilfirma m.m. synte seg fram og gav gode tilbod til publikum.



*Johanna Veen viser spinning og Solveig Egeland viser karding på fyrste Bjerkreimsmarken*

**Brukskunst.** Bjerkreim hadde og har eit aktivt brukskunstmiljø. Heile 40 medlemmer hadde salsutstilling og fekk synt sit mangfald av varer. Dei synte og fram korleis saueulla blei til trå.

Brukskunstforeininga har hatt salsutstilling på alle Bjerkreimsmarknadane sidan.

**Fagmøter.** Sauen var sjølvst tema på fagmøta. Framtida for norsk Sauehald. Bygging av sauehus. Sauehald og andre interesser i utmark og fjell. -Spreieareal.- Mangelsjukdom hos sau,- var nokre av tema. I ein eigen bolk, der presse var invitert, blei det fokusert på landbruk og turisme. Det var eit aktuelt tema som mange kommunar fokuserte på i den tida. Føredragshaldarar

med høg kompetanse var hyra inn.

**Kulturinnslag.**

På Samfunnshuset var det invitert til fest på fredagskvelden.

Bjerkreim sin eigen professor, Ole Nedrebø, kåserte om sauene i norsk kulturliv.

Her var musikk av eit internasjonalt ungdomsorkester frå Danmark. På dagtid hadde

Bygdeungdomslaget tevlingar. Sauebingo var populært. Skyttarlaget inviterte til prøveskyting i den nye skytehallen i Samfunnshuset. Idrettslaget fekk masse publikum til KM i damefotball. Dagmar Vaule tok med seg dei unge for å lære dei «plantefarging», det vil seie å farge kler ved hjelp av planter funne ute i naturen.

**Bjerkreimsmønster.** Strikking har lange tradisjonar i Bjerkreim. Eit vanleg uttrykk var: *Eg går med spøtet*. Så snart det var ei ledig stund blei spøte teke fram. Til og med då kyrne skulle hentast heim frå beite til mjølkning, gjekk konene med spøtet. Det var ikkje berre konene som «spøda». Nei, mange karfolk i Bjerkreim var og flinke med strikkepinnane.



*Vest i Bjerkreimsmønster blei presentert på fyrste "Marken". Vi ser Arvid Brun, leiar i NSG, i vest. Det blei og laga genser i same mønster. (Marthon Laksesvela på fela)*



*Jon Skien frå NRK intervjuer Egil Svela om saueutstillinga.*


*Smaksprøver av ekte Bjerkreims kost blei servert. Noko som fall i god smak. Her ser med Astrid Bjerkreim med døtrene Inger Merete og Anne Elisabeth. Valbjørg Spørdervold i bakgrunnen, Andre Gjederem er litt skeptisk.*

*Dagmar Vaule demonstrerte plantefarging, og dei unge var interessert.*



*Alt i 1987 var det ope meisterskap i saueklypping. Her ser vi Bjerkreim sin saueklyppar nr. 1 gjennom mange år, Rolf Gravdal.*

*Heilt frå fyrste "Marken" blei skuleelevane gitt oppgåver. Her ser vi nokre studerer sauene for å gi poeng. Bygdeungdomslaget gav rettleiing på førehand. Kva er viktig å observere?*





*"Marken" fekk nytte "Motorland" hallen det fyrste året. Det var Svein Landsnes som her hadde bilutstilling til vanleg. I 1988 fekk ein ikkje låne hallen.*



*I 1988 måtte "Marken" leige telt til utstillinga*

Heimestrikka sokkar frå Bjerkreim var sjølvstakt av saueull spunne på garden. Dette var handelsvare som var etterspurd i byen. Etter kvart blei det utvikla eit eige Bjerkreimsmønster på sokkane. På Bjerkreimsmarken blei det for fyrste gong synt slikt mønster på vestar. Mange nytta

høvet til å kjøpe seg slik vest. Seinare kom Bjerkreimsgensaren med same mønster.

**Matsal.** Etter god gamal tradisjon frå saueutstillinga på «Hompen», tok Bondekvinnelaget ansvar for matserving. Her gikk det unna. Fårrikål, lefser, fløtekaker




m.m. «for til hols» til siste smule. Publikum sette tydeleg pris på det som blei servert. «Eplekakene blei revne bort før dei var steikte», sa Olaug Nevland

### «Me køyrer vidare».

Marknadskomiteen, med ordførar Olaf Gjedrem i spissen, konkluderte med at dette vil dei prøve eit år til. I ei grundig evaluering var det gjort både positive og negative erfaringar som kunne byggast vidare på, til eit nytt arrangement. Tanken var no å danne ein stiftelse som stod bak heile opplegget. Samarbeidet mellom Næringsliv og frivillige lag og organisasjonar synte at bygda hadde dei personar og resursar som måtte til for å ta på seg planlegging og gjennomføring av store arrangement. I tillegg var området rundt Bjerkreimshallen, samfunnshuset og idrettsbanen godt egna til formålet. No var starten unnagjort. Det skremte ikkje arrangørane. Tvert om, det motiverte til vidare satsing. På våren 1988 blei det etablert ein eigen stiftelse som skulle stå bak framtidige marknadsarrangement. Eigne

vedtekter var utarbeid der det gjekk fram at arrangementet skule heite Bjerkreimsmarken.

Olaf Gjedrem blei vald til leiar. Med seg i styret hadde han Reidar Versland, Ingfrid Austdal, Helge Lien og Ståle Eikeland.



«Me kjøyrer vidare sa Ordførar Olaf Gjedrem»

#### Desse var med i representantskapet frå starten:

Bjerkreim kommune,  
SR-bank Bjerkreim,  
Skulestyret,  
Kulturstyret,  
Bjerkreim Bondelag,  
Bjerkreim Bonde- og småbrukarlag, Bjerkreim Bondekvinnelag,  
Bjerkreim Bygdeungdomslag,  
Bjerkreim sau og geit,  
Bjerkreim hantverk & industriforening,  
Bjerkreim Brukskunsforening,  
Bjerkreim idrettslag,  
Bjerkreim skyttarlag,  
Samfunnshuset.  
Seinare kom det fleire lag med.

**Bjerkreimsmarken nr.2** blei arrangert fredag 7. til søndag 9. oktober 1988. Dette året fekk arrangøren ikkje nytte «Motorland» bygget.



*På "Markensplassen" var det god plass til utstillarar og publikum.*

Messtelt måtte leigast inn for å skaffe tak over hovudet. Det kom godt med, for det var nedbør og grått ver desse dagane. Igjen var det ca. 5000 menneske innom markensområdet. Dette var over forventa, ikkje minst fordi det i grannekommunar var bygdedagar og utstillingar samstundes. Programmet vart bygd på same leist som fyrste året. Sau i sentrum, Messe/utstilling, kulturaktivitetar og fag. Det fyrste uoffisielle NM i saueklypping blei arrangert i Bergen 1988. Her gikk vår eigen Rolf Gravdal til topps. På marken same år imponerte han med å klyppe ein sau på eit minutt og 18 sek. med bind for augo.




*Med bind for augo klypte Rolf Gravdal ein sau på eit minutt og 18 sek.*



*Bjerkreimsmarken sin fyrste logo.*





*Anna Skjæveland, med grytene, var sentral i marknadsføringa i fleire år. Illustrasjon av Siv Grete Bøhn Pettersen.*

I den innlagde internasjonale saueklyppkonkurransen på merken blei han nr. 3 sjølv om var raskast. Her tel og kor fin «sveis» sauen får.

I denne konkurransen deltok verdsmeister David Fagan frå New Zealand. Det var likevel Tom Wilson frå Skotland som vann det uoffisielle «VM» i klypping. Alt då var det fleire som fabla om å få eit riktig VM til Bjerkreim.

Sjølv med dårleg ver, noko som ikkje er uvanleg i Bjerkreim på denne tida og har gitt merken store utfordringar fleire gonger, var det god tilstrøyming av publikum både frå eigen kommune og grannekommunane. I oppsummeringa etter merken ser vi at overskotet var på ca. 50.000 kr. Nitti prosent av dette kom frå bondekvinnelaget sitt sal av mat.

Bjerkreimsmarken var god reklame for kommunen. Radio, TV og aviser dekkja deler av arrangementet. Noko som førte til at utanbygdes publikum kom for å sjå og oppleve miljøet.

Det var ein strek i rekninga at arrangementet ikkje fekk bruke det nedlagde industribygget «Motorland».



*På Samfunnshuset er det servering av heimelaga middag. Kjøttkaker og sviskegraut har vore på menyen i alle år. Det same som på saeutstillinga på "Hompen i gamle dagar.*



*”Marken” er god reklame for Bjerkreim. Både mediafokus og den informasjonen publikum får ved å besøke arrangementet gir positiv oppleving av kommunen.*



*7 ganger er det arrangert noregsmeisterskap i saueklypping på Marken. I alt hat det vore 16 meisterskap inkludert VM, NM og opne meisterskap.*



*På 90- talet blei bilane parkerte rundt idrettsbanen og langs fylkesvegen. Dette skapte trafikkproblemer.*



*Frå kafeen i hallen.*



*Gjennom åra har "Marken" hatt mange flotte kulturarrangement med artistar både frå inn og utland. Her er marimbaorkesteret frå Holstebro som var toppinslaget under den fyrste festen på samfunnshuset i 1987. Ungdomane skapte topp stemning.*

No ville arrangørane vurdere å kjøpe inn ein plasthall. Den var det planar om å sette opp ved den nye idrettsbanen, med tanke på at idrettslaget kunne bruke den resten av året. Tiltaket blei ikkje realisert. I 1989 blei «Motorland» avvikla og marken

Bjerkreim, sau som husdyr. I alt var det ca. 20.000 vinterfora sau. I sommar- og haustmånadane var det over 50.000. Dei naturgitte forholda på gardane med utmarks-og heiaarbeite gjorde det naturleg å halde sau. Sauen var det husdyret som kunne



kunne ta bygget i bruk att. No hadde arrangementet funne si form. Motivasjonen og viljen til å halde fram var breitt forankra. I leiinga var det personar med gode kontaktar innan næringsliv, fagmiljø og frivilligheita.

### **Kvifor «Marken» og sau?**

Gjennom generasjonar har Bjerkreimsbuen vorte flaska opp med sau. Alt som barn får dei lære seg til å delta i den hektiske lemmeperioden. Med kyndig veiledning av gamle erfarne sauekjennarar er dei små barnehendene god hjelp i lemninga. Dei får spesiell tilknytning til einskilde dyr, noko som etter kvart utviklar seg til interesse for heile flokken. Her er både gutar og jenter like interessert. Ikkje berre i lemninga, men og ved klypping, vask, merking, heiaføring, skiljing og ved sjukdom engasjerer heile familien seg. Dei kjenner kvart dyr i flokken. I 1989 hadde 185 av 240 gardsbruk i

nytta desse resursane best. Bjerkreim har opp gjennom åra tevla med Oppdal om å ha flest sauer. Det er prestisje i å vere den største sauebygda i landet.

Saueklypping er ein del av aktiviteten på garden. Frå gamalt av var det manuell handsaks som blei brukt. På Bjerkreimsmarken er dette blitt illustrert fleire gonger. Viktor Nedrebø har demonstrert godt handlag med saks. Så kom den elektriske saks som gjore klyppinga meir rask og rasjonell. Dette blei ein profesjon der klypparar drog rundt frå gard til gard eller arbeidde på slakteri. Sjølv sagt blei det konkurranse i dette og. I 1989 blei den fyrste offisielle Noregsmeisterskapen i saueklypping, lagt til Bjerkreim, som ein del av Bjerkreimsmarken. Bjerkreim Bygdeungdomslag fekk ansvaret for arrangementet. Her kom deltakarar frå heile landet, noko som medførte auka publikumstilstrøyming.



*Dei unge er med på sauens utvikling frå lemming til slakting. Kanskje er sauesamlinga og skiljinga det mest spanande.*

Kjempegilt var det at Bjerkreims eigen deltakar, Rolf Gravdal gikk heilt til topps. Arrangementet var so vellukka at dei lokale arrangørane blei tildelt nordisk meisterskap året etter. Igjen stod Rolf øvst på sigerspallen. **7 gonger** har Bjerkreimsmarken vore arrangør av Noregsmeisterskapen. I alt har det vore 16 meisterskap i saueklypping på Marken. Dette inkluderer VM, NM og opne meisterskap.

## Møteplass

Den gamle saueutstillinga på Hompen var ein



*Ein fagleg drøs over sauegarden er viktig. Vi ser frå venstre: Ola Audun Svela, Tolleiv Laksesvela, Brigit Slettebø*

## Bjerkreimsmarken

Bjerkreimsmarken fyller fleire funksjoner. Arrangementet er et stort løft og får mange gode krefter til å jobbe sammen. Det er imponerende at det kommer fire ganger så mange besøkende som det er innbyggere i kommunen. Marken er vidare en utmerket markedsfører av kommunen, og ikke minst gir arrangementet inntekter som pløyes tilbake til beste for organisasjonslivet i bygda.

*Dalane Tidende*

møteplass for alle generasjonar. I hovudsak skulle det vere ein stad der sauefolketa samla seg for å drøfte felles interesse, men livet og miljøet rundt tiltaket lokka mange nysgjerrige til seg. Dette var viktige faktorar å ta omsyn til då Bjerkreimsmarken starta opp. Sauen i sentrum stod fast. Fagmiljø og kvalitet var stikkord. Å gi tilbod til alle generasjonar og fleire interesser var så det neste som skulle samle flest mogeleg. Slik er det blitt. Folk kjem for å treffe folk. Utflytta Bjerkreimsbuar kjem heim år etter år. «Her treff eg kjente som eg ikkje har sett på mange år. Det er kjempegilt.»



*Frå venstre: Håvard Nevland, Morten Svela og Leif Solberg*

# Folk trivsti Bjerkreim



Folk kom standsmessig til marknadsplassen

Bjerkreimsmarken blei suksess som aldri før. Folk frå heile regionen strøynde til marknadsplassen, heile 10.000 var innom portane dei tre dagane. Ingen kan gje veret skulda for den gode oppslutninga; regnet hølja med heile laurdagen, den dagen trengsla var størst kring dei ymse tilboda. På søndag slo veret til, men likevel vart det ikkje den stemninga som dagen før.

Kva er det som dreg folk? Dei fleste bygdene har etter kvart alle fått sine byggedagar, men ingen kan visa til maken av den oppslutninga som her. Noko av det beste trekkplasteret vi har er vel at så mykje av aktivitetane er knytta til sauen. Her kan bøndene få kjøpa seg gode kåra verlam av alle rasar. Men det er ikkje berre handelen: Her veit dei saueinteresserte at dei kan møta folk av same rasen. Den gamle tradisjonen frå Hompen er førd vidare. Gamle og unge sauebønder frå heile Dalane og Jæren, ja, endå frå Ryfylke, set seg stemne på Vikeså. Det er ein tradisjon som ikkje berre dei fem åra med Bjerkreimsmarken står bak, den gamle utstillings-kulturen frå statskonsulent Seland si tid er på veg inn att.

Men marknaden rundt utstillinga har utvikla seg til ein svært høg standard. Ideen i år med den gamle gata, og dei gamalmodige utstillingane der, vekte fortenne lovord. Det vart mest som å vandra 100 år tilbake i tida. Reklameeffekten for dei som hadde lagt ned alt arbeidet med Subagadå II, var nok vel så stor som om dei hadde bygt opp ein tradisjonell salgsstand. At premien for beste stand gjekk til den lanhandlaren, Arne Bjerkreim, var ikkje uventa. Men dei andre tilboda i hallen var og av høg kvalitet. Her var lite av alt krimskramset som vi vert overfløymde av andre stader. Litt var der jo av dette og, noko ungene sette stor pris på.

NM i saueklypping som vart avvikla på laurdag, trekkjer ikkje dei store massane,



Dyreavdelinga for barna slo svært godt an.



Viktor Nedrebø hadde bry med papira i regnet, men handla godt.

# Dugnad

Bjerkreimsmarken er eit stort dugnadsarrangement. Dei fleste i Bjerkreim er medlem i eit eller fleire av dei frivillige laga som står for marken.

I løpet av dei tre markensdagane er det fleire hundre personar som jobbar dugnad for at alt skal gå etter planen.

Heile bygda har gleda av både marken og sluttresultatet, det økonomiske overskotet.

Ingen blir spurt om å gjere ein jobb. Nei, du får ein lapp i posten der det står kva du skal bidra med. «Du skal vere med i trafikkomiteèn som trafikkvakt, du skal hjelpe bygdekvinnelaget å servere på samfunnshuset, du skal stå i kiosken og selje billettar, du skal vere med i ryddegjengen, du skal ha nattevakt i hallen, du leverer sjokoladecake o.s.v. Møt opp laurdag kl. 13.15. Dersom du ikkje kan, finn ein som kan steppe inn for deg.»

Tenk dette fungerer. Sjølv sagt er det nokon som ikkje bryr seg, gir blaffen. Slik vil det alltid vere. Det er som regel ikkje dei som får til ting for andre. Men, det store fleirtalet stiller opp og gjer sin del av jobben. Dei er med og skaper trivsel i bygda.

Bygdekvinnelaget (tidlegare bondekvinnelaget) er heilt sentrale i arbeidet. Dei utfører ein formidabel jobb og trekker i mange trådar. Matsserveringa i Samfunnshuset, og kafeen med ferske potetkaker i hallen er viktige trivselstiltak og gjev godt overskot. Eit overskot som vert delt ut til tiltak som kjem mange i kommunen til gode.

Parkering av privatbilar har vore ei utfordring frå starten av. Dei fyrste åra kunne ein bruke idrettsplassen og området rundt. På vegen mot Samfunnshuset stod det tett i tett med bilar. Det er ikkje til å unngå at slike arrangement fører med seg ein del søppel. For å halda området reint under markensdagane går elevane i 9. klasse ved Vikeså skule rundt og samlar søppel. Det er ein del av kvalitetssikringa av arrangementet. For «jobben» får dei ein sum som blir brukt til klassetur i slutten av skuleåret.

*Ingunn Sømme Ommedal var den fyrste tilsette dagleg leiar i Bjerkreimsmarken. Frå 1995 til 1999.*

*Karl Brådli blei tilsett som dagleg leiar i 1999 og hadde den jobben til 2013.*



Sjølv sagt fell

det mykje arbeid på enkeltpersonar.

Bjerkreim har mange resurspersonar som ikkje kvir seg for å ta eit tak, og skaper trivsel for seg og andre. Bondelaget og landbruksorganisasjonane er naturlegvis sentrale i planlegging og gjennomføring. Sjølv om mange stiller opp og gjer ein formidabel innsats blei arrangementet så omfattande at styret vedtok å tilsetja ein dagleg leiar som kunne dra i trådane gjennom året.

I 1995 vedtok styret/representantskapet at det skulle tilsetjast dagleg leiar. Den skulle ha ansvar for:

Førearbeid og sjølv Marken

Sekretær for rep. skapet.

Marknadsføring

Vere kontaktperson

Ingunn Sømme Ommedal blei tilsett som fyrste dagleg leiar. Ho hadde denne deltidsstillinga fram til 1999.

I 1999 blei så Karl Brådli engasjert i deltidsstilling som dagleg leiar. Han hadde vore med på marken i fleire år og kjente

organisasjonen godt. Han hadde idear, gode kontaktar både i næringslivet og frivilljuge organisasjonar. Etter 14 år som «hovudansvarleg» gav han ansvaret for vidareføring til UNINOR i 2013. Tor Anton Versland og Sigmund Skjæveland fekk i oppgåve å føre marken vidare.

## Viktig med kvalitet og fornying

Frå fyrste stund har styret vore klare på at kvalitet skal vere ei merkevare, på alle sentrale deler av Bjerkreimsmarken. Det blei sette strenge krav til utstillarar. Nei, til useriøst tivoli og anna «fjas og vas». Kvart år kjem det «flokkar» med campingvogner som vil inn og tilby juggel og fjas. Dei blir høfleg avvist.



"Drøsen" er ein viktig del  
av Bjerkreimsmarken





*Bygdekvinnelaget sin kafé i hallen er kanskje ein av dei viktigaste treffpunkt på markn. Ferske potetkaker og lefser går unna fortare en dei klarer å steike.*



*Fornyng er viktig for at publikum skal komme igjen år etter år. Slik kan køen sjå ut på gode dagar.*



*Kakefest på 5 års jubileet.  
Mange fine sølvkjeder.*

## Bilete frå Bjerkreimsmarken



*No blir eg fine*



*Desse såg varme ut*



*Kva skal eg velja tru?*



*Sal til klassetur*



*Sauaføda vert  
klargjort til  
Marken*



*Sjå i spegelen!*



*Spinnelær-  
ling*



*Gode vener*



*Syng med oss*


"Sjå- der står eg!"



Sjå så mykje godt



Eg sat lengst på stolpen



Amund Birkeland kontrollerer lodsålet



"Skal du ha ei krone til?"



Uansett vær og vind; folk vil på Marken. Det gjeld bjerkreimbuar og andre dalbuar, men også jærbuar og folk frå Sandnes og Stavanger. Laurdag trefte me til og med på markensgjester frå Stranda-landet.

Bjerkreimsmarken Vikeså

DALANE side 6

## Skal flørte med 14.000



Roy Håvard Ramsland skal spille dreng anno 1954 og leide helgens Bjerkreimsmarken. Kanskje får han tak i ei tjemestejente.



Roy Håvard Ramsland blei dreng på "Marken" i 2014. I 2015 kom tenestejenta Helga Katrine Hegelstad

Det hender at ei eller to vogner blir valt ut for å tilfredsstille kjøpelysten til dei yngste. Desse skal på ingen måte dominere opplevinga av utstillarane på Marken. Samstundes er det viktig å marknadsføre nye tiltak kvart år for å lokke publikum endå ein gong og ikkje minst motivere nye til å kome. Dette er viktig for å få presse med på førehandsomtale.

Dalane Tidende har vore viktig medspelar, spesielt etter at Bjerkreim Bygdablad blei avvikla i 1994. Gjennom redaksjonell omtale og som lokalt annonseorgan har DT gitt god orientering til eit stort publikum. Dei gjev og ut eiga markensavis som er distribuert til alle husstandar i Dalane.

I arkivet til Stavanger Aftenblad ser vi at journalistane her og kvart år spør etter kva som er nytt komande år. I alt får vi over 140 treff på arkivet til Aftenblad på «Bjerkreimsmarken». NRK lokalen har hatt mange sendingar frå marknadsarrangement. Ei tid hadde dei eige studio på marken.

I desse digitale tidene er det viktig å vere

tilgjengeleg på nettet. Bjerkreimsmarken har si eiga heimeside: [Bjerkreimsmarken.no](http://Bjerkreimsmarken.no). Her ligg inne, program for marken, utstillingsområde, kontaktpersoner, kven som står bak arrangementet m.m. Sida har ca. 1000 «venner». I tillegg er det opprette eiga Facebook side. På denne blir publikum oppdatert til ei kvar tid om kva som skjer rundt marken.

Bilete og videosnuttar blir lagt inn som orienterer om kva som skjer. Alt dette krev tid og interesse, og blir gjennomført som dugnad.

## Ikkje berre sau.

Sauen har i alle år stått sentralt i marken, men etter kvart har andre husdyr og fått innpass. Mønstring av kalv er blitt populært, spesielt blant dei yngste publikummarane. Her kjem unge frå heile fylket og poserer stolte med sine flotte kalvar. Stor stas er det så å reise heim med sløyfer og premie. Hest er for mange ein viktig aktivitet. På marken kan ein få prøve seg på hesteryggen under

kyndig rettleiing. Dyktige ryttrarar har oppvisning i rideteknikk og hinderriding. I 1989 var den fyrste utstillinga av kaninar. 400 av eksemplaret blei utstilt på Vikeså



skule. Den gongen var det ikkje plass til slike mønstringar i markensområdet. Mønstring av



føl er ei naturleg oppfylging for dei hesteinteresserte. Det blei fyrste gong ein



aktivitet i 1999. Opp gjennom åra har det vore mønstring og utstilling av: storfe, rasehøns, lama, geiter, killingar, føl, struts, kaniner, duer, hamster, langhåra marsvin,



albinorotter med rosa øyror og mus. Den nye VM hallen som var på plass i 2007 er eit framifrå utstillingslokale. Tiltak for dei yngste er ei viktig satsing. Her har BBU og 4H vore sentrale. Det er fyrst og fremst fredagen som har vore tilrettelagt for dei yngste. Skulane har kome med samla klassar til markensområdet for å delta i tevlingar og leik.



## Kulturarrangement

Alt frå starten i 1987 blei det lagt vekt på å ha kulturarrangement med kvalitet. Samfunnshuset var nytt og ein fin arena å samle folk. Det fyrste åre hadde vi besøk frå Danmark. Eit kjent marimba-ungdomsorkester som turnerte i store deler av

## Prøving og feiling.

Komiteen har vore open for å prøve nye ting. Den store tilstrøyminga av privatbilar har i alle år vore ei utfordring. Idrettslaget har hatt ansvaret for å dirigere trafikken. Parkeringa har for det meste vore gratis. Eit år blei det teke betalt for å parkere. Dette blei ikkje heilt velukka og blei avvikla. Gratis skyttelbuss frå Vikeså sentrum til Markensområdet har blitt ein suksess. Biletutstilling i Heradshuset var heller ikkje heilt vellukka. Dette var for lang borte frå der folk strøymde.

verda, blei invitert av alle kommunane i Dalane. Dei skapte stor stemning på samfunnshuset med sin fengande rytmiske musikk. Samarbeidet mellom kulturkontora i Dalane var avgjerande for å få på plass orkesteret. Det fyrste arrangementet samla fullt samfunnshus.

Ideen var å invitere ein «kjendis» som kunne trekke publikum til kulturarrangementa. Samstundes skulle bygdas eige kulturliv vere ein viktig del av programmet.

I mange høve trakk dei lokale programminnslaga vel så mange som dei som kom utanfrå. Det vil føre for langt å trekke fram alle «kjendisane» som har vitja Bjerkreim på arrangementa under Bjerkreimsmarken. Men, me kan slå fast at bygdefolket har fått oppleve mange kjente fjes frå underholdningsbransjen i vårt land. Etter kvart blei andre kulturarenaer rundt om



i bygda trekt inn som ein del av markensarrangementet. «Pittergarden» på Vikeså var blitt tilrettelagt av dei nye eigarane på ein måte som kunne huse arrangement både for vaksne og ungar.



*Her ser me Svein Arild Johsgård frå Dalarne Femund spelemannslag*

*Sverre Strandberg og Gaute Skretting sett den gamle kverna på Vikeså i stand og invitert publikum på maling av korn.*



*Kulturarrangementa på "Marken" samlar mykje folk.*



*Guida kulturhistorie i regi av "Marken" har vore populære tiltak. Gaute Skretting er guide*

I 2007 stod «Grindabygget» ferdig. Bygget gav markensområdet eit løft. Her får aktivitetar frå Bjerkreim sin bondekultur ein naturleg plass. Reisverket syner og gamal byggeskikk.

Dei gamle kvernhusa på Vikeså har blitt brukt til arrangement, spesielt for dei unge. Entusiastar har satt kvernhusa i stand slik at ein her kan male korn på gamle måten.



*I 2014 blei rullerulleskiløypa ved Vikeså stadion opna under "Marken".*

*Gjennom åra har arrangement på Vikeså stadion vore ein del av Markensprogrammet, slik som fotballkampar, stafettar i friidrett, melkespannkasting m.m.*



## Presse

For at Marken skal nå ut til eit breitt publikum, er det viktig at pressa blir interessert. Og for at pressa skal bli interessert må arrangøren ha nye ting å by på kvart år. Når vi ser på presseopplaga som marken har fått, har dei ansvarlege gjort ein god jobb. Her er nokre overskrifter frå pressa:

***Bjerkreimsmarken ein fest  
for både femåringar og  
pensjonistar***

**For dei mange**

MUSIKK OG MANGFALDIG MORO

***Bjerkreimsmarken ein  
publikumsmagnet***

***Bjerkreimsmarken skaper  
felleskap og samarbeid***

**Sol over moteplass**

**Det vrirler på Bjerkreimsmarken  
Og alle hjerter gledet seg**

Bjerkreimsmarken er og interessant fordi det er eit bygdearrangement, eit dugnadstiltak som skaper samhald og trivsel i lokalsamfunnet. Det må ikkje bli eit kommersielt tiltak.

**– Best  
besøk  
noen-  
sinne**

I løpet av helgen har hele 13.000 personer vært innom Bjerkreimsmarken. Det er ny rekord, kan markensgeneral Karl Bråдли fortelle.

– Alt har gått veldig bra. Jeg har ikke fått høre annet enn godord av folk jeg har møtt. Inntektene fra matsalg og slikt har jeg ikke helt fått oversikt over ennå, men magesfølelsen sier at disse også er større enn noen gang. Til og med været har vært på vår side. Det var

***Leiarar i styret for Bjerkreimsmarken har vore sitjande ordførarar:***



*Olaf Gjedrem*  
1987- 1996



*Gunnhild Vassbø*  
1997- 1999



*Asbjørn Gjedrem*  
2000- 2001



*Marthon Skårland*  
2002- 2003  
2007- 2015



*Asbjørn Ramsli*  
2004- 2006





**Matfatet** er ein presentasjon av kortreist mat frå Bjerkreim og nærområdet





*I 1991 var det Arne Bjerkreim som fekk premie for beste stand i "Subagadå" i hallen.*



*Leif O. Sveta og Einar Ivesdal demonstrerer heimelaga mårpølse på Bjerkreimsmarken 2015.*



*Mary Jane Vinningland lagar lappar på Marken 1991* →

*Travelt i billettbus for Olaf Gjedrem og Ådne Gjedrem i 2007*



*Frå Saueutstillinga på Bjerkreimsmarken i 1992.*



*Helge Lien og Bjørn Sveta demonstrerer knivsmiing i 1991*



*Her har Trond Gudmestad vanskeleg for å kome til orde. -- Ingar Kvía snakkar både på inn og utpust og produserer ca. 250 ord i minuttet. 2015. God Drøs.*



*Mange gode diskusjonar om maskiner og utstyr.*



*Frå NM finalen i saueklypping 1992*



*Rasin Haugseng har vore på Bjerkreimsmarken kvar gong frå starten i 1987.*



*Utstilling av veteranbiler 2011*



*Mykje fristande å kjøpe for dei yngste. Bilde frå 2015*



*Vera-  
mønstring på  
I badestampen.  
Astrid Bjerkreim og  
Oddmund  
Bruntland.  
Frå 1989*



# VM i saueklipping



**Tusen takk Bjerkreim, for fire fantastiske dagar. «Me hadde det gildt», skreiv Arnt Olav Klippenberg i Stavanger Aftenblad etter VM i saueklipping. Klippenberg sine ord kan stå som fasit på dei opplevingar publikum, utstillarar og deltakarar hadde etter tidenes største arrangement i Bjerkreim.**

**Æresmedlem i Golden Shears, Edwin O'Hara frå New Zealand, skreiv til komiteen etter VM: «The facilities and organisation was first class. The highlight for me was the official dinner in a cave, I had certainly not had that experience before».**

Landbruks minister Lars Peder Brekke sa i sitt besøk på VM : *Dette er eit stort og viktig arrangement for norsk landbruk.*

Lensmann Kjetil Andersen sa til Aftenblad at det på desse fire dagane ikkje har vore ordensproblem eller anmeldelser. «Eg gjev arrangørane terningkast seks». Slikt terningkast var det mange som gav Bjerkreim etter folkefesten.

4.til 8. oktober 2008 blei det gjennomført eit arrangement i Bjerkreim som har rissa seg inn i minnet til Bjerkreimsbuen som ei oppleving for livet. Bygda blei med eit

fokusert av både nasjonale og internasjonale media på ein framifrå måte. Ein liten stad med eit par tusen innbyggjarar, langt mot nord, tok på seg eit stort





*Tor Gaute Eikeland blei utpeika til leiar for heile arrangementet.*

internasjonalt meisterskap. For VM i saueklipping er eit stort internasjonalt arrangement. Til Bjerkreim kom deltakarar frå 28 land. Fleire enn nokon gong til



*Elin Ravdal Bell blei tilsett som prosjektleiar*

tidlegare saueklipping VM. Frå fleire land enn både til VM på skøyter og VM i



*Karl Brådli hadde ansvar for å koordinere arrangementet med Bjerkreimsmarken*

langrenn. Det kom 103 deltakarar frå alle verdsdeler utanom Asia.

VM i saueklipping blei fyrste gong arrangert i England i 1977 og blir arrangert kvart andre år. Golden Shears World Council er ein verdsomfattande organisasjon som står bak og har ansvar for tildeling av VM.

### **Kvifor til Bjerkreim?**

Representantskapet for Bjerkreimsmarken starta tidleg å «leike» med tanken om VM i saueklipping. Det fyrste offisielle NM blei lagt til «marken» i 1989. Året etter fekk vi Nordisk meisterskap. Arrangementa fekk mange lovord. Folk stilte spørsmålet: «Når kjem VM?» I styremøte i mars 1996 løyvde

marken midlar til Rolf Gravdal for å delta i VM. Han skulle samstundes jobbe for å få

arrangementet til Bjerkreim. I 1998 starta Norsk Saueklipperes foreining planlegging av å få meisterskapen til Noreg. I 2002 tok

nokre eldskjeler i klippemiljøet kontakt med Bjerkreim kommune og spurte om det kunne vere aktuelt å legge eit slikt VM til

Bjerkreimsmarken. *Dåverande ordførar Asbjørn Gjedrem og representantskapet i Bjerkreimsmarken var positive til dette, og bestemte seg for å søke om VM.*

Leiar for Bjerkreimsmarken, Asbjørn Gjedrem og leiar for teknisk utval, Torbjørn Ognedal, reiste til Skottland i 2003 og presenterte Bjerkreim som aktuell søkjar. Ølen kommune var og i Skottland for å søke om same arrangementet. Kort fortalt, Golden Shears World Council vedtok at VM skulle leggest til Noreg. Norsk Saueklipperes foreining vedtok at det skulle leggest til Bjerkreim i 2008. I 2005 var ein delegasjon frå Bjerkreim, med ordførar Asbjørn Ramsli i spissen, på tur til VM i Toowooba i Australia og overtok der arrangørskjoldet





*Kari Trå var ein viktig person for å få pressefokus på VM. Ho melde seg sjølv interessert i vere sponsor. Her viser ho lag med sauesaksa.*



*Egil Svela har vore kommentator under mange klyppe-meisterskap på Bjerkreimsmarken. Under VM overlot han denne jobben til andre, men sette som vilkår at han skulle kommentere og intervjuje Kari Trå.*

## Visste du at?

**SPEAKER** Egil Svela overlot med glede mikrofonen til andre speakere under onkurransen, men da Kari Traa, bildet, ankom hallen, var han på plass. – Jeg forlangte å få kommentere Traa, sier han.



**Uten et etablert arrangement som Bjerkreimsmarken hadde vi ikke greid å få VM.**

Rolf Gravdal

**Merinosauen på New Zealand går på flatt land hele tiden. Sauene vi skal klippe er de sterkeste av de sterke.**

John Kirkpatrick

**■ NÅ BLIR DET DUGNADSFEST:** 1000 dugnadsarbeidere inviteres på fest. Nesten alt i VM og Bjerkreimsmarken skapes via dugnad.

**PITTER**

*Ikke et eneste ordensproblem i Bjerkreim i helga, melder politiet. Sauer er direkte dyr.*

## – Må finne på noe

**TENKEPAUSE:** Ordfører Marthon Skårland, bildet, i Bjerkreim skryter uhemmet av alle som har gjort en jobb og som ikke kommer fra Bjerkreim. – 15 av de 40 viktigste personene, og en rekke andre, kommer fra andre kommuner. Jeg må finne på noe for dem, sier Skårland.



*VM hallen var stappfull av publikum kvar dag under klyppemeisterskapen*



*På store skjermar kunne publikum fylgje med på korleis ståa var under konkurransane. Systemet var utvikla av Magne Vaule.*



*Paul Avery frå New Zeland blei verdsmeister i maskinklypping*

*Siv Grethe Bøhn-Pettersen teikna logoen til VM*



som markerte at Bjerkreim var neste arrangør av VM i saueklipping.

Bjerkreimsmarken hadde fått ry på seg for å ha god kunnskap og erfaring med gjennomføring av både NM og opne meisterskap i saueklipping. VM i Bjerkreim var det fyrste i sitt slag som vart arrangert i Noreg og det fyrste som blei arrangert i eit ikkje engelsktalande land. Det skulle konkurrerast i handklypping, maskinklypping og ullhandtering både individuelt og for lag. Tida var inne for lange planleggingsmøter, handplukke personar til viktige oppgåver og komitear.

### «Visste ikkje kva me tok på oss»

Etter att Bjerkreim kommune og Bjerkreimsmarken blei tildelt VM i saueklipping i 2003 var Bjerkreimsmarken tydeleg på at dei ikkje hadde resursar eller var organisert på ein slik måte at dei kunne gjennomføre eit slikt arrangement. Her måtte fleire trø til. Det blei då oppretta ein eigen hovudkomité. Hovudkomiteen skulle ha personar med spisskompetanse på sine områder. Personar med ulik bakgrunn og erfaring frå styr og stell.

**Bonde Tor Gaute Eikeland blei «henta inn» som ansvarleg leiar for heile arrangementet.** Han er ein uredde person med idear, har gjennomføringskraft og er strukturert. Med seg i hovudkomiteen fekk han:

**Torbjørn Ognedal (nestleiar),  
Egil Svela (2. nestleiar),  
Svein Olav Tengesdal (økonomisjef),  
Peder Ravndal (konkurransesjef),  
Karl Bråдли (Bjerkreimsmarken),  
Hanne Elise Lindal  
(Kultur og overnattings- sjef),  
Magne Vaule (teknisk sjef),  
Sigmund Skjæveland (landbruk),  
Rolf Gravdal (NSF),  
Marthon Skårland  
(observatør kommunen),  
Gro Gjedrem (sekretær)  
Elin Ravndal Bell  
(Tilsett som prosjektleiar i 2007).**

Visjon og mål for arrangementet blei

utforma. Mange meinte at det var «sært» å ta på seg eit så «smalt» arrangement. Men entusiastane ville at VM skulle handle om

### Måla var:

**Hovudkomiteen ynskjer å arrangere eit meisterskap som tilfredsstillar Bjerkreimsmarken, Norske Saueklippers foreining og Golden Shears World Council forventningar til eit slikt arrangement.**

**Vi ynskjer å byggje opp ei forventning til arrangementet slik at mange vil ynskje å kome på meisterskapen og Bjerkreimsmarken.**

**Vi vil marknadsføre Bjerkreim og regionen kring oss og gjennom VM og setje fokus på sauene og dens betydning for eit levande kulturlandskap.**



**VELKOMMEN:**  
– Vi har plass til alle, lover VMs prosjektleder, Elin Ravndal Bell, og hovudkomiteens sjef, Tor Gaute Eikeland. Her ved et av skiltene ved E 39 som markerer status som VM-kommune. (Foto: Egil Ø. Nærland)



meir enn ein klyppekonkurransen. Dei ville skape eit større arrangement med fleire fokus. **For å få dette gjennomført blei det oppnemnt underkomitear med klare ansvarsområde.**

**Økonomi komité:** (Svein Olav Tengesdal, Bjørn Kåre Grude)

**Konkurransen komité:** (Peder Ravndal, Arnt Undem, Neil Perry, Jorunn Vesterøy, Trond Bårseth, Onar Lima, Hild-Elin Eikevik).

**PR- komité:** ( Egil Svela, Per Spødervold, Kjersti Bjerkreim, Torgunn Odland).

**Vakt- og Campingkomité:** (Torbjørn Ognedal, Gaute Bjørnsen, Arnold Helland, Paul Gravdal).

**Teknisk komité:** ( Magne Vaule, Egil Stokkeland, Irene Songe).

**Premie komité:** (Gro Gjedrem, Marianne Gravdal).

**Kultur og overnattings komité (KOK):** ( Hanne-Elise Lindal, Alf Egil Skreå, Thomas Nygård, Jorunn Ølberg Ravndal, Kjersti Søyland Bye, Gro Marie Austdal, Elisabeth Berge).

**Overnatting:** (Jorunn Ølberg Ravndal, Elin Ravndal Bell).

**Transport:** (Thomas Nygård, Magnar Hadland).

**Kultur:** (Kjersti Søyland Bye, Kari Irene Sødergren, Ollin Herigstad).

**Fest:** ( Elisabeth Berge, Trond Brådli, Kenneth Nilsen, Ingvild Lovise Ramsli).

**Forpleining:** ( Gro Marie Austdal, Karl Egeland, Geir Ove Versland, Randi Gravdal, Per Bernt Vikeså, Kirsten Vikeså, Mona Lisa Håland).

Sjølvs om nokre var skeptiske til arrangementet i starten så stilte folk opp og gjorde ein formidabel innsats.

Arrangementet blei etter kvart så omfattande at det ikkje kunne la seg gjennomføra på rein dugnad. I mars 2007 blei det vedteke å lysa ut stilling som prosjektleiar i full stilling. I ettertid syner det seg at det var eit viktig val for å få arrangementet så vellukka som det blei.

Arrangementet samla sponsorar og samarbeidspartar frå mange ulike næringar. I

t tillegg fekk ein heile landbruksnæringa, med dei lokale og regionale Sau og geit-, Bondelag- og Bondekvinnelaga i spissen, til å mobilisere for dugnad og samarbeida om å skape positiv blest for landbruket.

« Me visste ikkje kva me hadde sagt ja til. Det blei arbeid både dag og natt i lang tid. Det blei nesten ei sjuka. Sjølvs om det var utruleg travelt vil eg aldri vore det forutan». Seier Tor Gaute Eikeland.

«Me trong mange medhjelparar for å få til eit slik arrangement». «Egil Svela har ei enorm kontaktflate. Kven er det Egil ikkje kjenner? Han, Karl og eg møtte opp i møter hjå Rogaland bondelag, Sau og geit og andre aktuelle fora for å informera og motivera til å delta. Over alt fekk me positiv respons».



Svein Olav Tengesdal var økonomisjef for VM

Økonomi var ein viktig faktoren å få i boks. Utan sikker økonomi i botnen kunne VM ikkje arrangerast.

«For å ha god økonomistyring må ein aldri overvurdera inntektssida og heller ikkje undervurdera kostnadssida». Var økonomisjef Svein Olav Tengesdal si klare melding.

Det var semje om at pengar ikkje skulle ikkje brukast før dei var i boks.

Då COOP Marknad Vikeså og Bjerkreim kommune la 500.000 kr. kvar i «potten», kunne leiinga dra ut for å skaffe

sponsorkroner. Responsen var over all forventning. I alt kom det inn nær 8 mill. kroner frå næringslivet, private og offentlige tilskot. Etterpå synt det seg at inntekter av ymse sal var langt høgare enn budsjettert. « Arrangementet kom på ei økonomisk gunstig tid. Mange hadde tru på det me skulle gjennomføre. At Kari Traa kom med førespurnad om å få vere med som sponsor og i marknadsføring, var eit skup, noko som førte til auka mediafokus.» smiler Tor Gaute. «Ho var ei utruleg likanes dame».

Arbeidet med marknadsføring og kontakt med media i forkant var ei stor oppgåve for å få publikum til alle arrangement. Media blei informert og det blei sette stort fokus på den harde jobben ein saueklyppar gjer kvar dag. Synet på saueklypping gjekk




*Magne Vaule utarbeide eit heilt nytt resultat-service system til VM. Noko som gjorde at publikum fekk med seg alle detaljar under klyppekonkurransane.*

## DELTAKERLAND

- Australia
- New Zealand
- Skottland
- England
- Wales
- Irland
- Nord Irland
- Frankrike
- Tyskland
- Østerrike
- USA
- Canada
- Sør-Afrika
- Kroatia
- Sverige
- Danmark
- Finland
- Estland
- Latvia
- Norge
- Lesotho
- Falklandsøyene
- Spania
- Romania
- Slovenia
- Slovakia
- Montenegro
- Serbia
- Tsjekkia

frå å vere «sært» i mange sine auge til «tøft» og «imponerande». Folk som aldri hadde sett ein sau før, vart tilhengarar av sporten. Bjerkreim fekk mykje fokus lokalt, nasjonalt og internasjonalt via media, men og gjennom publikum sine opplevingar og omtale. All omtale var positiv. God informasjon til presse og media er avgjerande for informasjon til publikum. I lang tid på førehand var det ei brei marknadsføring gjennom media, regionale arrangement, internett m.m. At komiteen hadde profesjonell pressekontakt ( på dugnad) på arrangementsdagane vart eit stort pluss. Og VM blei ein suksess. Over 40.000 personar var innom området til Bjerkreimsmarken desse 4 dagane. (For



EVALUERINGSRAPPORT  
FOR  
VM I SAUEKLYPPING 2008



Bjerkreimsmarken blei arrangert samstundes). Heimesida, VM 2008, hadde 640.000 treff dei 4 dagne arrangementet pågikk. I evalueringsrapporten etter VM konkluderer arrangørane. (Dei hadde fått tilbakemelding frå sponsorar, utstillarar, publikum og media).

*Dugnadsinnsatsen i forkant og under arrangementet var formidabel.*

*Kvar komitémedlem tok ansvar for sine oppgåver, og gjennomførte dei på ein framifrå måte.*

*Arrangementet skapte auka trivsel i Bjerkreim*

*Fellesskap og samarbeid på tvers av alder og interesser*

*Auka fokus på reiselivsnæringa i Dalane Bønder som satsar på sauehald*



*Mykje positiv fokus på landbruket og det arbeidet saueklypparane gjer.*

VM har igjen synt at med eldskjeler som har tru på ein ide, kan få til det utrulege, og klarer å mobilisere dei personane og resursar som trengst. Utan idealistiske enkeltpersonar, «motorar», som dreg andre med seg, kan ikkje eit lite samfunn klare ei slik oppgåve. «Me er utruleg takknemleg for all den hjelp

og støtte Bjerkreim fekk frå organisasjonar, næringsliv og enkeltpersonar frå andre kommunar i fylket. Utan den støtta ville me ikkje fått eit så flott arrangement». No var Tor Gaute alvorleg.

I alt reknar ein med at ca. 1000 personar var med og gjorde ein dugnadsinnsats føre og under VM.

Etter VM blei det laga ei biletbok frå



arrangementet. Alt av reportasjar og artiklar frå ymse media er samla i ei bok og arkivert. Hovudkomiteen har og laga ein fyldig evalueringsrapport om heile prosessen. Med fokus på: Kva var vellukka og kva kunne gjerast annleis. I samband med planlegging av VM blei det laga ein «Sårbarhetsanalyse». Denne var så profesjonell at andre arrangørar har kopiert den.

**Vil du gjere dette ein gong til Tor Gaute?**

«Då eg sa ja til oppgåva som leiar for VM, forstod eg ikkje heilt kva eg hadde sagt ja til. Sjølv om det var utruleg travelt vil eg ikkje ha vore det forutan.

*Dersom Bjerkreim skal ha VM på nytt må det gå fleire år. Folk må nesten ha gløymt det som har vore. Elles blir forventningane for store. Då blir det ei ny tid, og ein ny generasjon må tre inn. Det blir ikkje meg. Men, me har synt at det går ann å få det til i ei lita bygd. Så kven veit».*



*VM hallen var kanskje det største konkrete resultatet etter VM i 2008.*

### VM hallen kostnad og finansiering

<b>Kostnad:</b>	3.960.240
<b>Finansiering:</b> SR- bank gavefond	750.000
VM saueklyppiung	780.000
Spelemidler	1.000.000
<b>Lån:</b>	1.430.240
<b>Totalt:</b>	3.960.240

### Tal frå VM:

2500 sauer. Transport av sau,  
26 dommarar frå 11 land  
135 utstillarar  
8000 porsjoner varm mat  
4000 porsjoner bakarvarer  
300kg lammesteik  
200 kg kjøttkaker  
Sal av 1000 VM luer, 1000 VM  
genserar

### Rekneskap VM saueklypping 2008

#### Inntekter

Tilskot frå Bjerkreimsmarken	255.000
Private sponsormidlar	5.983.476
Offentlege tilskot	2.093.707
Dugnad	765.000
Renter	126.086
<b>Salsinntekter</b>	<b>2.575.223</b>
<b>Total</b>	<b>kr. 11.798.492</b>

#### Utgifter

Utbetring uteområde	28.350
Tilskott til bygging av ridehall (VM- hallen)	2.346.630
Administrasjon	1.233.045
Teknisk gjennomføring av konkurransar	611.491
Arrangement	2.413.729
Resultatsystem	215.730
Marknadsføring	1.090.010
Premier og gåver	362.057
Felleskostnader arrangement	1.489.682
Innkjøp profileringsartiklar	310.363
Dugnad	765.000
<b>Total</b>	<b>11.166.087</b>

**Resultat kr. 632.405**



**I mange år har Karl Brådli vore ein sentral person i markensarbeidet.**

**Kva har vore den største utfordringa for å halde marken i gong?**

*Fornyng, nye gode idear år etter år, har vore den største utfordringa. Her har det vore sett store krav til dagleg leiar sin fantasi. VM i saueklypping sette ein ny standar med sin enorme suksess.*

*Representantskapet si utfordring var: Kva ville skje med marken etter dette. Det har gått bra. Framleis strøymer publikum til marken.*

**Kva fungerer godt med marken?**

*Det som imponerer er medarbeidarane si evne til å ta ansvar. Når noko er vedteke i representantskapet og oppgåvene er fordelt, så blir ting gjort. Vi treng ikkje noko kontrollapparat. Oppgåvene blir utført på beste måte.*

**Nokon enkeltpersonar du vil framheva?**

*Det er mange resurspersonar som gjer ein framifrå innsats. Her er personar som alltid seier ja. Nokre kan du sette til kva som helst, som ordnar opp i alt. Slike er umisselege. Eit eksempel på dette er Arne Bjerkreim.*

**Utstillarane er viktige for økonomien til marken. Du har hatt nær kontakt med alle. Korleis reagerer dei på arrangementet?**

*Det er viktig å legge forholda godt til rette for utstillarane. Dei brukar mykje resursar for å presentere seg og sine tilbod. Dei er med å dra publikum og gir viktig økonomi til Marken. Samstundes må me tenke på å presentere eit breitt, seriøst og kvalitetsutval av utstillarar.*



*Direktør i Felleskjøpet Rogaland og Agder, Ola Bekken, seier at Bjerkreimsmarken er ein viktig arena for å syne fram sine produkt for landbruket. Felleskjøpet har hatt utstilling heilt frå starten*

*Felleskjøpet Rogaland Agder (FKRA), har vore med frå fyrste stund. Ola Bekken, direktør i (FKRA) seier: Det er den beste marken som FKRA er med på. Vi har vore med sidan starten og er svært nøgd med det mottaket vi har fått, både frå markenskomiteen og publikum. Bygda viser stor tru på det dei satsar på. VM i 2008 er eit godt eksempel. Eg er imponert over det samarbeidet og innsatsen som er i Bjerkreim. På Bjerkreimsmarken kan me syne fram nye produkt til eit stort fagleg publikum. Som eksempel kan vi vise til 2015 då vi presenterte eit nytt produkt. Vi fekk utruleg godt tilslag og mange fine ytringar. Bjerkreim er ein viktig arena for FKRA.*



*Rasin Haugseng har vore med frå starten*



God service til utstillarane er viktig

### Er plassen stor nok for framtidige arrangement?

På området er det samla mange viktige og gode arenaer. Idrettshallen, VM hallen, samfunnshuset og idrettsanlegget. Vi klarte å tilpasse eit VM med 40.000 besøkande her. Området er intimt, noko som er viktig for publikum. Med andre ord me må tilpassa framtidige arrangement til den plassen me har.

### Vil folk stille opp på dugnad slik som før?

Her kan eg svare kort: ja. Resultatet av Marken nyt alle i bygda godt av og det gjer kommunen stolt.

### Kva er viktig for framtida? Fornyng.

Tilpasse arrangementet nye tider, nye interesser og nye forhold, men likevel ha særpreg utan å etterlikne andre.



### Vil vi ha marken i 30 nye år?

I ei tid med urbanisering og sentralisering er det viktig å ha naturlege arenaer der ein kan syne den oppveksande slekt kor og korleis maten vår blir produsert. I Bjerkreim skal vi framleis produsere mat. «Matfatet» er i dag ein måte å presentere vår lokale kortreiste produksjon av god mat. Sauen er i vårt område eit dyreslag som kan nytte dei naturlege utmarksresurane vi har. Vi kan og fokusere på sauens evne til å pleie kulturlandskap. Marken er ein fin møteplass på tvers av generasjonar og interesser.

**Bjerkreimsmarken har mange oppgaver å fylle i åra som kjem».**



” Eit sokkepar kostar 30 kr. Du får 3 par for 100 kr. ”





*Dette er området me har, så framtidige Bjerkreimsmarken må tilpassast her. Reserveparke-  
rin har me på Nesjane. Her i frå går det gratis skyttelbuss.*

### Bjerkreimsmarken har delt ut sitt overskott slik frå 1987 til 2015



Bjerkreimshallen	5.860.000
Bjerkreim samfunnshus	2.045.000
VM 2008	485.000
Kyrkja i Bjerkreim	301.000
Bjerkreim brassband	115.000
Bjerkreim idrettslag	80.000
Bjerkreim bedehus	77.000
Åsen huset	50.000
Bjerkerota 4 H	35.000
Bjerkreim jæger og fisk	33.000
Bjerkreim sau og geit ( Matfatet)	30.000
Bjerkreim kulturskole	25.000
Bjerkreim bygdeungdomslag	20.000
Vikeså misjonshus	15.000
Bjerkreim helselag	10.000
Bjerkreim pensjonistlag	10.000
Klangfeel Jazz og viseklubb	7.500
Bjerkreim LIONS	5.000
<b>TOTALT</b>	<b>9.203.500</b>

I tillegg har idrettslaget, fotballgruppa, niende klasse og LIONS fått tilskot for arbeid dei gjer på marken.

### Representantskapet i Bjerkreimsmarken 2015

Bjerkreim kommune  
(ordførar)  
Bj. Helselag  
Bj. Bygdekvinnelag  
Bj. Idrettslag  
Bj bonde og Småbrukarlag  
Bj. Kristelege ungdomslag  
Bjerkreimshallen  
Bj. Samfunnshus  
Bj. Sau og geit  
Bjerkerota 4 H  
Bj. Næringsforening  
Bj. Bondelag  
Bj. Bygdeungdomslag  
Bj. skytterlag  
Bj. Jeger og fisk  
Bj. Pensjonistlag  
Bj. kommune

Administrativt  
leiaransvar: UNINOR AS  
Avd. Bjerkreim

 **VIKESÅ**   
**VEISERVICE A.S**

  
**Nortura**

**coop**  
**marked**  
VIKESÅ



 **Felleskjøpet Rogaland Agder**

 **ESPELAND AS**

**SpareBank**   
SR-BANK

**BJERKREIM**  
**REKNEKAPSKONTOR A/S**  
Autorisert Rekneskapsførarselskap

 **MOEN**  
**BJØLLEFABRIKK**

 **Bjerkreim**  
**Kommune**